



Torpo Stavkyrkje

(Foto: Ål Utvikling)

Du kan følge den gamle ridevegen og kome over både kolgroper, gamle steingjerder og bruruinar. Alt dette eit steinkast frå Torpo Stavkyrkje.

Hallingdalsvegen frå 1826 var den fyrste kjerrevegen som gjekk gjennom Hallingdal, og vart rekna som éin av landets ni hovudvegar. Lyabrua med tre spenn vart eit storverk langs vegen. Men det måtte likevel gi tapt for storflaumen i 1860. 15. juni braut vatnmassane ned to av spenn, like etter at eit stort brudefylgje hadde passert. Etter den omfattande flaumen vart vegen lagt om, med bru over juvet ved Skjerping.


Denne hovudvegen kryssa Lya på same staden som den gamle ridevegen «holevegen» frå mellomalderen. Me ser rester av ridevegen frå plassen ved brukjera austover mot stavkyrkja.

Dersom du ynskjer ein rundtur må du rekne med å gå langs bilvegen eit lite stykke. Du kan også velge å fyrst parkere ved bruruinane og så køyrer vidare opp til Torpo Stavkyrkje.

Stavkyrkja på Torpo vart reist på slutten av 1100-talet, og via til St. Margareta. Livet hennar er skildra i flotte friser i baldakinen frå middelalderen.

Stavkyrkja står att med berre skipet etter at koret vart rive i 1880. Svalgangane som omga koret og kyrkja vart rive lenge før.

Golviet har breie, talga plankar liggende på falsar i grunnstokkane. Det er skore inn omriset av eit menneske i golvplankane. Det er mogeleg at dette er markering av ei grav, og ein ubekrefta teori er at ein Stavanger-biskop skal ha vore gravlagt her.



Døra i stavkyrkja.

(Foto: Ål Utvikling)



Fylg rv 7 til Torpo.



Parkering ved Torpo kyrkje eller fylg skilting til bru-ruinar. Når vegen deler seg ta til høgre.



Turen er ca 2 km



Gamle bruruinar, gamal rideveg kolgrop og Torpo Stavkyrkje. Kolgrop



Fin veg/stig. ein må rekne med å gå noko langs bilvegen.

For meir detaljert kart:
Sentrumskart

Margareta av Antiokia trassa far sin, heidningepresten Aedesius, med si sterke gudstru og nekta å gifte seg med mannen han hadde funne til henne. Far hennar forsøkte å truge henne til gifte seg ved å torturer henne. Segna seier at ho til og med vart slukt av satan i ein drage-skikkelse, før ho til slutt vart halshogd.